

Startklar Nordic/Startklar Nordic Plus

Faktablad för försäkringsprodukt

Företag: Svedea AB, org nr 556786-1678, Sverige.

Produkt: Startklar Nordic/Startklar Nordic Plus

Dette faktaarket beskriv forsikringa berre heilt kort. Det er forsikringspolisen og informasjonen du har fått før avtalen vart inngått, saman med dei fullstendige forsikringsvilkåra, som er avtalen som gjeld mellom oss.

Kva slags forsikring dreier det seg om?

I lag med Svedea tilbyr Försäkringskompetens Startklar Nordic/Startklar Nordic Plus for deg som er ute etter forsikring i samband med trening og konkurransar.



Kva dekkjer forsikringa?

Med Startklar Nordic/Startklar Nordic Plus har du rett på erstatning etter desse vilkåra:

1. AVBESTILLINGSFORSIKRING

– inntil SEK 5000 per forsikringsår*

2. ULYKKESFORSIKRING

- ✓ Akuttgodtgjersle – inntil SEK 10 000*
- ✓ Reiseutgifter
- ✓ Sundrivne klede og øydelagt idrettsutstyr
- ✓ Kostnader knytte til tannskadar – inntil 1 gong grunnbeløpet i den nordiska folketrygda
- ✓ Kostnader knytte til rehabilitering og hjelpemiddel
- ✓ Medisinsk invaliditet inntil 15 gonger grunnbeløpet i den norske folketrygda
- ✓ Dødsfall – 1 gong grunnbeløpet i den svenske folketrygda

AVBESTILLINGSFORSIKRING

Startklar Nordic/Startklar Nordic Plus gjeld mosjons- og konkurransearrangement i Norden som er opne for allmenta. Dei gjeld fram til det aktuelle arrangementet har starta.

ULYKKESFORSIKRING

Startklar Nordic gjeld mens arrangementet går føre seg, og på tur til og frå arrangementet innanfor Norden. Når arrangementet er lagt til ein annan stad enn heimstaden (innanfor Norden), gjeld ulykkesforsikringa også der.

Vilkåra for Startklar Plus Nordic er dei same som for Startklar Nordic, men med det tillegget at forsikringa også gjeld i samband med trening som skjer i Norden, i forkant av mosjons- og konkurransearrangement. Forsikringa gjeld også på tur til og frå trening (innanfor Norden). Når treninga skjer på ein annan stad ein heimstaden (innanfor Norden), gjeld forsikringa også der.

* Likstillas med 5 000 SEK/5 000 NOK/5 000 DKR/500 EUR

* Likstillas med 10 000 SEK/10 000 NOK/10 000 DKR/1000 EUR



Kva er det forsikringa ikkje dekkjer?

Ulykkesforsikringa dekkjer direkte konsekvensar av skade som oppstår ved ulykke. Dette er kroppslege skadar du får på grunn av uventa ytre hendingar som oppstår uventa. Psykiske plagar blir ikkje rekna som kroppslege skadar. I dei fullstendige forsikringsvilkåra kan du lesa meir om kva omgrepet «skade som oppstår ved ulykke» dekkjer.

Omgrepet «skade som oppstår ved ulykke» dekkjer ikkje kroppslege skadar du frivillig har valda, eller kroppslege skadar på grunn av:

- ✗ smitte frå bakteriar, virus eller andre smittsame stoff (trass det kan infeksjon på grunn av insekts-tikk og liknande bli rekna som skade som har oppstått ved ulykke)
- ✗ smitte eller forgifting pga. inntak av mat eller drikke
- ✗ inngrep, behandling eller undersøking (skade i samband med medisinsk behandling)
- ✗ bruk av legemiddel
- ✗ slitasje, overbelastning eller hardt fysisk slit



Kva er det forsikringa ikkje dekkjer?

- ! Kostnader utanfor Norden
- ! Dersom årsaka til at skaden har oppstått, er at personen som er forsikra, har vore grovt akklaus
- ! Dersom skaden oppstår i krig, på grunn av krigsliknande hendingar, terroråtak, revolusjon, borgarkrig, opprør eller kjernefysisk reaksjon
- ! Forsikringa dekkjer ikkje sjukdom eller kroppslig lyte og heller ikkje følgjer av slike tilstandar dersom symptoma var kjende før dagen da forsikringa vart teikna.
- ! Force majeure: Dersom handsaminga av ei forsikrings sak eller utbetaling av forsikringsbeløpet blir forseinka på grunn av force majeure – altså hendingar som Svedea ikkje rår over –, har ikkje Svedea ansvaret for forseinkinga. Føresetnaden er at vi har gjort alt det er rimeleg å forvente for å gjera skadane som kan oppstå, så små som mogleg.

Eksempel på slike force majeure-hendingar er lovendringar, tiltak styresmaktene vedtar, krig, krigsliknande hendingar, terroråtak, naturkatastrofar, brann, streik, blokade, boikott, lockout og andre liknande tilhøve.

Svedea har heller ikkje ansvar for skadar som har årsak i feil i telefonnett eller anna teknisk utstyr som ikkje er vårt.

Ved streik, blokade, boikott og lockout gjeld vilkåra over også om det er Svedea som er mål for eller part i konflikten.



Kor gjeld forsikringa?

- ✓ Forsikringa er gyldig i Norden.



Kva plikter har eg?

Informasjonen du gir oss, skal vera, nøyaktig og fullstendig. Er han ikkje det, kan det føre til at forsikringa bli ugyldig, eller at forsikrings selskapet blir fritatt frå ansvar i samsvar med vilkåra i forsikringsavtalelova og svensk lov elles. I slike tilfelle vil ikkje premie som er betalt inn, bli betalt attende.



Når og korleis skal eg betale?

Du betaler forsikringa ved å bruke kort eller Swish til å kjøpe forsikring i nettbutikken til Startklar i samband med påmelding til mosjons- eller konkurransearrangement. Når kjøpet er utført, sender vi stadfesting og kvittering til e-postadressa du har oppgitt.



Når byrjar og sluttar forsikringa å gjelde?

Så lenge vi har fått all informasjon vi treng i samband med søknaden, og så lenge vi kan tilby forsikring på vanlege vilkår og det ikkje går fram av søknadsdokumenta at forsikringa skal gjelda frå noko anna tidspunkt, gjeld forsikringa frå den dagen du bestiller henne. Forsikringa gjeld vanlegvis i eitt (1) år etter at ho er teikna.



Korleis seier eg opp avtalen?

I forsikringsperioden kan du når som helst seia opp forsikringsavtalen. Oppseiinga må vera skriftleg. Vi har alltid rett til å krevje premie for den tida forsikringa har vore gyldig.